



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref
2023/910-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
04.05.2023

Fråsegn med motsegn til Austevoll kommune - Kommuneplan 2023 arealdel 1.gong offentleg høyring - Vestland fylke

Kystverket syner til sending fra Austevoll kommune vedkomande høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel datert 15.2.2023, samt brev datert 15.3.2023 med ny høyningsfrist 6.5.2023.

Formålet til kommuneplanen sin arealdel er å legge til rette for at Austevoll skal ha gode vekstvilkår i framtida. Austevoll kommune vil legge til rette for bukvalitet av høg standard, attraktive næringsareal, nærliek til friluft og urørt natur. Kommunen har lagt fram ein plan for korleis dei meiner at arealet i kommunen skal forvaltast både på sjø og land.

Arbeidet med kommuneplanen har vore i prosess over tid. Kystverket syner til våre tidlegare fråsegn til planen: Til oppstart av planprogram, våre brev datert 11.11.2013, 27.5.2014 og 27.2.2015. Til planstrategi 16.2.2021. Vi viser og til våre innspel i regionalt planforum den 7.3.2023.

Havne- og farvannsloven skal fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Loven skal ivareta nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Kystverket har motsegn til fleire akvakulturområde grunna omsyn til samfunnstryggleiken.

Kystverket fremjar motsegn til:

- A. Konsekvensutgreiinga. KU manglar vurdering av korleis foreslått utvikling vil virke på sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen.
- B. Nytt akvakulturområdet søraust for Selbjørn
- C. Utviding av akvakulturområdet søraust for Huftarøy
- D. Utviding av akvakulturområdet aust for Huftarøy, Languenen
- E. Utviding av akvakulturområdet i Hundvåkosen
- F. Utviding av akvakulturområdet i Skolmafjorden

Kystverket har faglege råd til føresegner, nye og utviding av eksisterande akvakulturområde som kjem i konflikt med navigasjonsinnretningar og hovud- og bileier.

Kystverket har følgjande faglege råd som vi ber om vert teke omsyn til i planarbeidet:

- a) Navigasjonsinstallasjonar bør være med i føresegn §1-3 (3) unntak frå byggegrense langs sjø.
- b) Endre føresegn §1-8 Tiltak i sjø, slik at tiltak som kjem i konflikt med farlei og ferdsel er forbode.
- c) Endre føresegner §2-13 slik at vedlikehald, fjerning og nyestablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillatt, jf. pbl. § 1-8, 4. ledd og § 11-11 nr. 4.
- d) Føresegn §2-16 (3) om fortøyinger av akvakulturanlegg. Det bør vere krav om djupne -25 m når fortøyinger kjem utanfor areal til akvakultur.
- e) Føresegn §2-23 (3) må endrast. Merking av akvakultur er lovpålagt i forskrift av 19.01.2012 nr. 1329 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger § 5 andre ledd, og vedlegg 2 til forskrifta – Merking av akvakulturanlegg.».
- f) Kystverket rår til å justere akvakulturområdet aust og søraust for Horgo slik at akvakulturområdet ligg nord for sydspissen av Store Flatøy og Terneskjær.

Nærare grunngjeving for Kystverket si faglege råd vert gjort greie for i saksutgreiinga i det følgjande.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

Kystverket har fått i oppdrag å bidra til å utvikla eit heilskapleg transportsystem. Eit velfungerande sjøtransportssystem med farleier, hamner og hamneterminalar er særskilt viktig for næringsutviklinga langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningslova.

Kystverket sine vurderingar

I følge plan- og bygningsloven § 3-2, 3. ledd har Kystverket som statleg fagmynde rett og plikt til medverknad når planlegginga den rører ved Kystverket sitt saksfelt. Det går fram av formålet med hamne- og farvasslova at tryggleik og framkomma på sjøen, og effektiv hamneverksemeld og effektiv sjøtransport er viktige omsyn som Kystverket skal ivareta.

Mangefull konsekvensutgreiing (KU)

KU manglar vurdering av korleis foreslått utvikling vil virke på sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen.


¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>

§ 1. Formål

Formålet med forskriften er å sikre at hensynet til miljø og samfunn blir tatt i betrakning under forberedelsen av planer og tiltak, og når det tas stilling til om og på hvilke vilkår planer eller tiltak kan gjennomføres.

Føremålet med KU forskrifter er mellom anna å sikre at omsynet til samfunn og infrastruktur vert vareteke. Innan samfunn og tryggleik er ferdsle, farleier som inkluderer navigasjonsinnretningar erekna. For Austevoll, ein øykommune med mykje sjøareal, er sjøvegen er heilt avgjerande både for lokalt- regionalt og nasjonalt ferdsle på sjøen. Kommunen må vurdere konsekvens av tiltak opp mot sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen.

Døme: KU side 74-76: Farlei og ferdsel er ikkje vurdert. Navigasjonsinnretning er ikkje teke med i utgreiinga.



Normalt vil ferdsel, fiske, natur og friluftsliv vere aktivitetar som kan kombinerast. Om sjøareal vert lagt ut til fleirbruk i kombinasjon med søknadspliktige tiltak, som akvakultur eller småbåthamn, må konsekvensutredninga omfatte konsekvensane av den valde arealbruken for heile det aktuelle området.

Ein må konsekvensutgreie om foreslått utvikling vil virke på sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen. Kystverket har motsegn til planen på grunn av manglande konsekvensutgreiing.

Farleier:


Farleistreka (hovud- og bileier) indikerer skipstrafikken, men syner ikkje ei definert avgrensing av farleia. I Austevoll kommunen sin arealdel er hovud- og bileier vist om stipla linjer i arealplankartet. Transport og ferdsel til sjøs skal normalt ikkje hindrast av til dømes fortøyinger, lekterar, oppdrettsanlegg, bruer m.m.

Vi syner til kap. 6.4.2 i [rettleiar for planlegging i sjøområda](#)² utgitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020.


² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/planlegging-i-sjoomradene/id2700314/>


Vi registrerer at hovud- og billeiene er synt som juridiske samferdselsliner i samsvar med Kystverket si digitale kartløysing Kystinfo. Det er for dei fleste farleistrekar lagt eit kombinert område rundt hovud- og bilei, men ikkje for alle (døme «Innsegling Selbjørnsfjorden»).

Plankart 1.gongs høyring:



Hovudleia vert vist med raud stipla linje, og billeiene med blå stipla linje i karta nedanfor. Referanseruter for navigasjon er anbefalt bruk til ruteplanlegging frå Kystverket, basert på beste praksis. Referanseruter for navigasjon er vist med raude piler for seglingsretning i karta nedanfor.





Referanseruter for navigasjon er kvalitetssikra for ein maksimal skipsdimensjon på 150m lengde og 9m djuptgåande eller mindre. Nokre ruter er kvalitetssikra for skip med mindre maksdimensjonar på grunn av lokale avgrensingar i farvatnet.

Etablering av tiltak i nærlieken av farleiene kan få verknad for tryggleiken og framkomma i farvatnet. I farvatn med høg risiko på grunn av trafikkettleik, trone farvatn og innsegling til hamner, er det tenleg å bruke underformålet «farlei/ferdsel» for å vise at skipstrafikk er prioritert arealbruk. Der akvakultur vert planlagt er det viktig at farleia vert synt med både stripla hovud- og bileier, og med faktisk naudsynt areal til skipstrafikken.

Kystverket oppmodar kommunen til å endre føresegn §1-8 Tiltak i sjø til og å omfatte farlei og ferdslle. (1) *Tiltak i sjø som kjem i konflikt med arealformåla farlei, ferdsel, fiske.. er forbode.*

Navigasjonsinnretningar

For å halde ved lag ein trygg og sikker ferdsel i farvatnet er navigasjonsinstallasjonar av vesentleg verdi. Kystverket har eit overordna ansvar for fyrykter, overrettar, stakar, jarnstenger m.m. i kommunen. Det må ikkje planleggast arealbruk som kan kome i konflikt med navigasjonsrettleiinga i farvatnet. Det er særskilt viktig at det ikkje vert planlagt tiltak som kan skjerme for fyryktene sine sektorar.

Av omsyn til trygg segling og framkomme rår vi til å opna for etablering, vedlikehald og fjerning av navigasjonsinstallasjonar i føresegnene utan søknad. Vi syner til kap.6.4.2 i rettleiar for planlegging i sjøområda om navigasjonsinstallasjonar (s. 57-58):


«Det anbefales at kommunene av hensyn til sikker seiling og framkommelighet gir en bestemmelse i kommuneplanen som åpner for at etablering, vedlikehold og

fjerning av navigasjonsinstallasjoner, er tillatt innenfor disse formålene. Det innebærer at slike tiltak ikke vil trenge dispensasjon fra planen».

Kystverket har følgjande forslag til planføreseagna:

«Det vert tillate med vedlikehald og nyetablering av anlegg til navigasjonsmessig bruk innanfor planområdet, jf. plan- og bygningslovens § 1-8 4. ledd og § 11-11 nr. 4.»

Kystverket har fleire prosjekt knytt til vedlikehalds- og nymerking av farvatnet i Austevoll kommune, der føremålet er å gradere opp farvatnet til dagens standard og auke sikringa og framkoma ved dag- og nattsegglas samt ved därleg ver. Kartet nedanfor viser tiltaksområdet i raudt og tiltakspunkt som er spelt inn til NTP 2025-2037:



Tiltaka har utover det å auke sikringa i seglingsleiene, ført til ein overgang frå bruk av sjøkablar til solcelle drift og dermed eit redusert behov for drift og vedlikehald.


Det er viktig at det i planen vert lagt til rette for naudsynt vedlikehald, nyetablering, flytting m.m. av navigasjonsinnretningar langs kysten. Fjerning eller flytting av navigasjonsinstallasjonar kan vere aktuelt dersom dei utgjer ein risiko i tryggingssamanheng, ved at dei vert ståande.

Akvakultur


Akvakultur ekskluderer andre føremål som farlei og ferdsel. Kystverket har følgande innspel og motsegn til kommuneplanen sin arealdel:

Nytt område for akvakultur Selbjørn SØ (Gauksheim)


Godkjent plan (2011-2021):



Forslag ny plan på høring:



Nytt akvakulturområde SØ for Selbjørn kjem i konflikt med Selbjørn lykt.



Etablering av akvakulturanlegg med fôrflåte og lyssignal kan hindre og forstyrre navigasjonsrettleiinga for farleia i Selbjørnsfjorden.


Vi syner til havne- og farvannslova §10 første ledd:

«*Navigasjonsinnretninger og farvannsskilt skal ikke utsettes for handlinger som kan føre til at de ikke virker som de skal, blant annet ved fortøyning i eller fjerning, flytting, endring eller tildekking av navigasjonsinnretningen eller farvannsskiltet.*»


Kystverket har vurdert at etablering av akvakulturanlegg nært opp til fyrlykta på Selbjørn kan føre til at lykta si funksjon vert redusert. Kystverket går til motsegn mot akvakulturområdet SØ for Selbjørn slik det ligg føre.

Utviding av akvakulturområdet SØ for Huftarøy (Blænes)


Godkjent plan (2011-2021)



Forslag til ny plan:




Utviding av akvakulturområdet går heilt ut til kommunegrensa i sjø og kjem i konflikt med kvit sektor frå Rommelines fyrlykt.




Vi synet til havne- og farvannslova §10 første ledd. Kystverket har vurdert at etablering av akvakulturanlegg i kvit sektor frå Rommelines fyrlykt kan føre til at fyrlykta sin funksjon vert redusert. Kystverket går til motsegn til utvidinga av akvakulturområdet SØ for Huftarøya.

Utviding av akvakulturområdet aust for Huftarøy, Langenuen


Godkjent plan:



Forslag til ny plan:



Sjøkart:




Langenuen er ei trafikkert hovudlei med eit samansett trafikkbilde. Sjøtrafikken er ein kombinasjon av hurtiggåande ferjer som går kortaste veg mellom hamnene, samt generell skipstrafikk som går i hovudleia. Farvatnet vert og brukta til større slep til og frå verft på Stord og Ølen.

Ved etablering av bru over Bjørnafjorden vil det verte naudsynt å etablere eit trafikkseparasjonssystem (TSS) i Langenuen. Utviding av akvakulturområdet i Langenuen kjem i konflikt med framtidig TSS, og råkar dermed ved samfunnstryggleiken i prosjektet.

Det er akvakulturanlegg på begge sider av sundet. Eii etablering av akvakulturanlegg i planlagt utvida område til akvakultur kjem i konflikt med farleia og ferdsel i Langenuen. Kystverket går i mot utviding av akvakulturområdet aust for Huftarøy i Langenuen.

Utviding av akvakulturområdet i Hundvåkosen

Godkjent plan:




Forslag til ny plan:



Ei utviding av akvakulturanlegget i Hundvåkosen kjem monaleg lengre ut i farleia (bileia) «Bekkjarvik - Korsfjorden». Utvidinga av akvakulturområdet vil virke direkte på trafikken til og fra Torangsvåg, og då særleg i aust og i sør ved innseglinga til Torangsvåg. Ei eventuell utviding må gå klar av raud sektor fra fyrlykta på Stollsøy i Krosshamnsundet. Dette for å sikre naudsynt areal for sikker seglas for trafikken til og fra Torangsvåg.

Sjøkart:




Skipstrafikk i Hundvåkosen:




Kystverket fremmar motsegn til utviding av akvakulturområdet i Hundvåkosen, då planlagt utviding av akvakulturområdet kjem heilt ut i stipla linje for bileia «Bekkjarvik - Korsfjorden» og kjem for tett på skipstrafikken. Akvakulturområdet må justerst i sør og i aust slik at det ikkje kjem inn i sektorlys frå Stollsøy fyrlykt eller redusere innseglinga til Torangsvåg.

Utviding av akvakulturområdet i ytre Skoltafjorden (nord for Stolmen)


Godkjent plan:



Forslag til ny plan:



Akvakulturområdet i ytre Skoltafjorden kjem i konflikt med kvit sektor frå Rosmunnholmen fyrlykt. Rosmunnholmen fyrlykt er ei innseglingsfyrlykt frå havet, og det er særleg viktig at denne sektoren vert halden rein for tiltak for trygg seglas. Nytt akvakulturområde i ytre Skoltafjorden kjem og inn i Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt.



Vi syner til hamne- og farvasslova §10 første ledd:



«*Navigasjonsinnretninger og farvannsskilt skal ikke utsettes for handlinger som kan føre til at de ikke virker som de skal, blant annet ved fortøyning i eller fjerning, flytting, endring eller tildekking av navigasjonsinnretningen eller farvannsskiltet.*»

Kystverket har vurdert at etablering av akvakulturanlegg i kvit sektor fra Rosmunnholmen fyrlykt vil føra til at lykta sin funksjon vert redusert. Kystverket går til motsegn mot akvakulturområdet i ytre Skolafjorden slik det ligg føre.

Utviding av akvakulturområdet aust og søraust for Horgo

Det er noko skipstrafikk mellom Horgo og Hundvåko, men det er mest fiskefartøy, mindre lastefartøy og fritidsbåtar. Kystverket fremmar ikkje motsegn til utvidinga, men vi presiserer at det må være mogleg å segle gjennom Horgesundet.

Kystverket rår til å justere akvakulturområdet slik at akvakulturområdet ligg nord for sydspissen av Store Flatøy og Terneskerjet.



Større fartøy til og frå Storebø vil passere tett på akvakulturområda her. Det må ikkje planleggast for tiltak som kan hindre trygg segling og framkomme til hamna på Storebø. Det er bra at kommunen har tatt med i føresegna §2-18 at ferdsel skal prioriterast og i §2-24 med krav til fortøyingar på kvote -25 på fortøyingane i kombinert formål i sjø.

Hamn og næringsinteresser/arealbruk i sjø

Næringslivet i Austevoll er knyta opp næringer til fiskeri, havbruk og offshore. Austevoll kommune er avhengig av ferjesambanda. Både ferjeterminalar og andre hamner, samt fiskerihamnene må sikrast ega og land- og sjø areal. Det er gitt ein god omtale av næringsinteressene i Arealstrategi og Planskildringa.

Kartet nedanfor viser fiskerihamner, ferjeterminalar, samt hovud- og billeiene:



Hamner og hamneterminalar er viktige bindeledd mellom land og hav, og for folk og næringstransporten langs kysten. Det er avgjerande at hamna/anløpspunktet har høve til å utvide verksemda og ei effektiv hamneverksemrd er avhengig av ein rekke faktorar, m.a. arealtilgang, tilknyting til overordna infrastruktur og kontinuerleg heilårsdrift (24/7).

God og effektiv tilførselsveg til hamna må sikrast i det vidare planarbeidet, slik at hamna sin funksjon vert teken vare på og at behovet for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål vert sikra. Kommunen må gjennom sitt arbeid med arealplanar sikre det maritime næringslivet tilgang til nok næringsareal med tilgjenge til sjøen.

Auka press på sjøområda har til tider ført til arealkonfliktar mellom ulike interessegrupper, irekna ulike næringsinteresser. Skipssfart, tradisjonelt fiske, akvakultur, natur/friluftsliv m.m. er døme på slike.

Klimatilpassing

Arealdisponeringa til kommunen vil få følgjer for korleis kommunen vert påverka av klimaendringar. Ein klimatilpassa arealplanlegging vil redusere skadeomfanget som følgje av klimaendringar og samstundes kunne få føremoner som følge av endringar i klimaet. Sjøtransporten er avhengig av ein tilfredsstillande maritim infrastruktur for å kunne levere gode og effektive tenester til kundane sine. Maritim infrastruktur er mellom anna farlei, fyr, merke, moloar, hamner og hamneterminalar med tilhøyrande infrastruktur. Klimaendringar knytt til havnivåstiging, vind-, bølgje-, og straumtilhøve, samt erosjon, vil gje auka utfordringar for etablering/dimensjonering, og drift/vedlikehald av maritim infrastruktur.

Annet

Når det gjeld opplagsområde for utrangerte akvakulturanlegg, døme Busepollen nr. 39 i vurderingstabell, minner vi om hamne- og farvasslova §14 3. ledd a) om tiltak som krev løyve etter lova:

Uten hensyn til hvor tiltaket skal iverksettes, er departementet tillatelsesmyndighet for søknader som gjelder

a. *akvakulturanlegg og andre merdanlegg i sjø*

Oppsummering

Målet med kommuneplanen sin arealdel er å fastlegge framtidig arealbruk i eit langsigkt perspektiv med tilhøyrande reglar og retningsliner. Planen skal gje hovudtrekka for arealet si utnytting, irekna vern og kva for omsyn som må ivaretakast gjennom disponeringa av kommunen sine samla areal.

I kommuneplanen sin arealdel skal ei konsekvensutgreiing gjere greie for verknadar på miljø og samfunn for alle bygge- og anleggsområde.

Kystverket går til motsegn til planen på grunn av manglande konsekvensutgreiing av korleis foreslått utvikling vil virke på sjøtransporten og allmenn ferdslle på sjøen, nytt akvakulturområdet søraust for Selbjørn, utviding av akvakulturområdet søraust for Huftarøy, utviding av akvakulturområdet øst for Huftarøy ved Langenuen, utviding av akvakulturområdet i Hundvåkosen og utviding av akvakulturområdet i Skolafjorden.

Manglar i vurdering av infrastruktur for sjøområda i konsekvensutgreiinga er hovudårsaka til våre motsegn til akvakulturområda.

Vi kjem i møte dialog for å koma fram til gode løysningar.

Med helsing

Rune Alseth
Fung. avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2, Kommunehuset	5392	Storebø
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forsvarsbygg			